



Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/3074 - 20/45140

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@alver.kommune.no

Dato:  
08.07.2020

## Beslutning om å ikkje gi utsatt iverksettelse - gbnr 196/60 Midtgård

**Tiltak:** dispensasjon  
**Byggjestad:** Gbnr: 196/60  
**Tiltakshavar:** Terje Tredal  
**Ansvarleg søkjar:** Arkoconsult AS

I motteke klage er det oppmoda om utsett iverksetting av vedtak datert 11.3.2020, i sak 051/20. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje [td. uopretteleg skade eller tap for partane].

Eigedomen er regulert til fritidsbustad i Reguleringsplan for Fløsvika bustadfelt. Planen har regulerte byggegrenser mot fylkesvegen. Vedtaket som er klaga på inneber at det er gitt dispensasjon for å bygge heilårsbustad på eigedomen. Tiltakshavar vil kunne bygge fritidsbustad innanfor gjeldande byggegrense i samsvar med reguleringsplanen.

Etter ei førebels vurdering av klagen er det ikkje kome fram tilhøve som tilseier utsett iverksetting av vedtaket i denne saka. Det er heller ikkje lagt fram nye opplysningar i klagen som verkar inn på den konkrete avgjerda.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det ikkje vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket.

Oppstart av byggearbeid før klagesaka er endeleg avgjort, skjer på søkjar/tiltakshavar sin eigen rekning og risiko.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Vestland.

**Aktuelt regelverk**

- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i forvaltningslova (fvl) § 42.
- Krav om utsett iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Siril Therese Sylta  
Tenesteleiar

Marianne Aadland Sandvik  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSE  
N

Terje Tredal  
Vestland fylkeskommune

Leknesvegen 134  
Postboks 7900

5915  
5020

HJELMÅS  
BERGEN